



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 1 • PÅSKA 2023
84. ÅRGANG



*Glade jenter på
konfACTION
på Framnes!*

Du kan tro det,
selv om du ikke ser det
Side 3

Vår nye biskop
Ragnhild Jepsen
Side 4

Ny giv i saka om
minnelundar
Side 6

Ein fjellvandrar
kom til oss
Side 10-11

FRAMSIDA

Glade jenter under konfirmantleiren på Framnes. Her ser me leiarane Ranveig Kjostveit Reiersen og Madelen Jacobsen Harboe.

YNSKJER DU GRAVSTELL?

Fellesrådet sine tilsette steller graver for mange - men har kapasitet til meir.

Ring kyrkjekontoret for prisar og info, tlf. 474 83 120.



Den norske kyrkja i Kvam

LEIAR

BOSDUNK-FAVORITTEN

- Men dette er da ikke noe menighetsblad? Orda kom frå dåverande biskop Per Lønning då han vitja Bjølvefossen under ein bispevisitas, og fann eit blad på matrommet av ei relativt lite påkledd kvinne. Og med det var isen broten, latteren ljoma, og kontakten med dei tilsette oppretta.

Kva er eit kyrkjeblad? Ja, kva er kyrkja, eigentleg? Her må me gå mange rundar med oss sjølve. Kyrkja er eit trussamfunn, - men og eit lokalt kulturhus. Kyrkja er vår felles minnebank for farne ætter, ein stad å syrgja, ein stad å ta farvel med dei vi er glade i - men også ramma rundt våre gladaste stunder, i bryllaup, barnedåp. Kyrkja er sett til å ivareta det store ansvaret å vera

Olav Skeie Lid

Redaktør



gravferdsforvaltning i landet vårt, for alle menneske.

Som nyttilsett kyrkjebladredaktør gled eg meg til å visa kyrkja sine mange andlet ut til alt folket i Kvam. «Bosdunkfavoritten», som redaktøren i Hordaland Folkeblad kalla kyrkjebladet i si tid, spenner vonlegvis lesarkrinsen vidare enn til trufaste kyrkjegjengarar. Mi von er at bladet kan vera ein fargepalett frå alt som kyrkja syslar med og står for. Og me er ei kyrkje i stendig endring. Tempora mutantur, et nos mutantur in illis. «Tidene endrar seg, og vi med dei», sa keisar Lothar den første i si tid, - og gjekk i kloster.

God påske til alle lesarar!

RETTING

I førre kyrkjeblad hadde det snike seg inn ein lei feil i artikkelen om familien Holme i Vikøy. Det stod at "Amalia Holme hadde vore gift før, og hadde to born frå første ekteskap."

Dette er ikkje riktig. Alle fire gutane i barneflokket var Absalom Holme sine. Kyrkjebladet - og artikkelforfattaren især - seier oss i fellesskap særdeles leie for feilen.



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:


Olav Skeie Lid, oslid@live.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Miljømerket trykksak



TRYKKT NORGE 100-100

Kontingent:

Frivillig / kr. 350,-

Annonsar:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gåver

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

474 83 120 / 414 00 035

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einsskilde sokneråd.

Kyrkjevevja i Kvam:

Sigrild Karoline Eriksen-Tufteland, se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Vetle Karlsen Eide, VK267@kyrkja.no, tlf. 400 35 356

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Roar Strømme, rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Lisbeth Henriksen, lissihen69@gmail.com

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Kåre Milje, kaa-milj@online.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim, ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang, oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim, ragnhild.nordheim@gmail.com

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082



Du kan tro det, selv om du ikke ser det

En fin opplevelse som jeg dessverre aldri har fått oppleve, er å stå opp før solen på påskedag og dra ut til øya «mi» og dele opplevelsen av å se solen stå opp i havet sammen med alle de andre som er kommet hit. Det er blitt meg det fortalt at de står der sammen og deler denne fantastiske opplevelsen. Når solen har kommet seg over horisonten og påskedagen opprinner, sier de fremmøtte til hverandre: «Sannelig, han er oppstanden». De smiler og kjenner på en dyp glede over påskebudskapet.

Jeg tror dette er en flott opplevelse, og jeg håper jeg en dag vil få oppleve dette. Det høres helt fantastisk ut.

Samtidig kom jeg til å tenke på: hvordan må da ha opplevde det – kvinnene – som også stod opp ved daggry og som var på vei til Jesu grav for å stille han den første påsken. Han som skulle være deres redning, var jo død.

Heller ikke dette har jeg vært øyenvitne til, men jeg tror det som står i Lukasevangeliet kapittel 24.

Her fortelles det at kvinnene hadde med seg velluktende olje. De pratet kanskje lavmælt sammen. Kanskje gråt de? Kanskje delte de opplevelser fra dagen da Jesus hang på korset? Kanskje var de bare ganske trøtte? Kanskje opplevde de at dette var en oppgave de bare måtte gjøre; eller kanskje det var en oppgave de svært gjerne ville gjøre?

De kom fram til graven. De fant at steinen var rullet bort. De gikk inn, men fant ikke kroppen til Jesus der hvor han var lagt. De visste ikke hva de skulle tro. Så møter de to som sier til dem: «Hvorfor leter dere etter den levende blant de døde? Han er ikke her, han er stått opp.»

Dagen deres ble med ett endret. Sorg ble kanskje avløst av frykt, forundring – eller kanskje glede? For: om Jesus ikke var her – hvor var han da?

Som kristne lever vi fremdeles i forvisning om at Jesus faktisk stod opp fra de døde slik det ble profetert i det gamle testamentet, og slik vi leser om det i det nye testamente. Som kristne lever vi



fremdeles i trygg forvisning om at Jesus viste seg for disiplene og andre på sin tid.

Som kristne erfarer vi også hvordan budskapet fra den første påsken gi håp og tro for dagen i dag og en tro på at rettferdigheten en dag skal seire. Jesu oppstan-

delse den første påsken gir oss en forvisning om Guds uendelige kjærlighet til alt det skapte – til oss – også i dag.

Det kan vi tro – selv om vi ikke ser det.

Gler seg til å juble for påska

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– *Er påska relevant i vår tid?*

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– *Kva ser du fram til ved å bli biskop?*

– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømmet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. — Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. — Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablere seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømmet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.



Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho blir vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april. Foto Jens Z. Meyer

– *Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?*

– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. — Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønner at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– *Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?*

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømmet.

Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.



Kyrkjebygga våre – er dei i forfall?

Mange stussar over sperreband rundt kyrkjebygg og urovekkjande tilstandar på vedlikehaldsfronten i kyrkjene våre. Kyrkjebladet sin utsende har hatt ein prat med kyrkjebyggansvarleg Bjørn Kåre Thorvaldsen i fellesrådet.

- Det er ikke så akutt gale som mange trur, smiler han – men me har nok eit betydeleg etterslep på vedlikehaldssida. På den andre sida: det har ikkje vore aktuelt å gjera dette stykkevis og delt av tidlegare generasjonar, dette må takast i eit stykke når det først skal gjerast. Og no er tida komen. Det handlar vel mest om å vera føre var, og ta vedlikehaldet før noko rammar ned. Han kveikjer ein ny sigarett, og myser mot kyrkjetaket i Vikøy.

– Det er ingen stad det lek gjennom taket i nokon av kyrkjene våre, seier han – men alderen til dei eldste kyrkjene tilseier at det er eit spørsmål om tid før me er nøydde å gjera noko. Ta f. eks Vikøy kyrkje. Der er hellene festa med spikar som no nærmar seg to hundre år. Spikaren rustar langsomt, men sikkert, og på eit eller anna tidspunkt treng me å ta ned hellene, leggja nytt sutak, og leggja dei opp att. Dette er enormt kostnadskrevjande tiltak. Det kan også henda at hellene må bytast ut, rett og slett. Same operasjonen må gjerast ved Strandebarm og Øystese kyrkje. I tillegg må det bytast vindauga og kledning på tårnet i Strandebarm. Me snakkar om mange millionar - kanskje ein stad mellom 15 og 20. Dette har ikkje kyrkja råd til sjølv, og det er kommunen som til sjuande og sist er ansvarleg for vedlikehald og drift av kyrkjene våre.

Det som kanskje hastar mest, er å få skifta takrenner på Ålvik kyrkje, samt reparera klokketårnet, der det bles vatn inn. Takrennene er i dårleg forfatning, og kan ikkje lappast på særleg lenger. Lekkasjar frå desse takrennene renn langs kyrkjeveggen og kan på sikt skapa store skadar. Her hastar det med å få gjennomført tiltak, seier Bjørn Kåre.

Det er og blir eit tankekors: kyrkjene, desse gamle kulturbygga våre, med sine djupe røter i folkeliv og busetnad, ofte bygde med stor dugnadsinnsats og i gudsfrykt av folket, står i fare for å forfalla. Dei er tunge å vedlikehalda, dyre å varma opp – og fattige kommunar rundt om i landet har fått dette i fanget, tilliks med alle andre oppgåver som skal løysast. Legg så til at det ofte er glissent i kyrkjebenkene på ein vanleg kyrkjesundag, og spørsmålet vil



Vikøy kyrkje er ei av kyrkjene der taket etterkvart rett og slett må bytast, ifylgje rapport frå AKASIA.

koma: korleis skal me ivareta både gamle kyrkjer, kulturarv, kyrkjegardar og trusliv i ei ny tid? Her er det ingen enkle svar - men denne arven skal me og må me klara ivareta.



Kyrkjebyggansvarleg Bjørn Kåre Thorvaldsen har store utfordringar med gamle helletak.

Ny giv i saka om minnelundar i Kvam

- DET KAN EG GJERA!

Harald Kjosås var sedvanleg positiv og tenesteklar då spørsmålet frå kyrkja kom: kan du overta vervet som leiar i nemnda som arbeider med etablering av namna minnelundar på kyrkjegardane våre? – Ja, det kan eg, svarta 72-åringen oppe frå stillaset han arbeidde på.

Saka har stått litt i stampe ei tid. Det er gjort naudsynte vedak i Kvam kyrkjelege fellesråd for fleire år sidan om å oppretta slike minnelundar, i første omgang i Norheimsund og i Øystese. Arkitektar har teikna utkast som er vedtekne, og utolmodige innbyggjarar har vendt seg til kyrkja ved fleire høve og etterlyst fortgang i prosessen.

Det torer altså vera velkjent: det er ved Norheimsund kyrkje og på Øystese kyrkjegard ein ser for seg desse namna minnelundane. Men spørsmålet frå både Strandebarms og Ålvik er allereie kome: kva med oss i utkantane – skal ikkje me få slikt tilbod også?



Tanken er etterkvart velprøvd og gjennomført mange stader i vårt land: I staden for tradisjonell grav og gravstein, vert urna med oske sett i eit gravfelt tett i tett, utan namn og markering der urna står. Derimot er det ein installasjon i umiddelbar nærleik til urnefeltet, der namnet på den døde finst på ein namneplakett. Gevinsten er innlysande: det sparer samfunnet for store kostnader med tilrettelegging og opparbeiding av tradisjonelle gravfelt, og det reduserer vedlikehald og stell av grav til eit minimum.

Kommunen må naturleg nok inn i denne prosessen, seier den nyvalde leiareren av nemnda, og er full av energi etter å koma i gang. – Det treng ikkje verta den store investeringa, det er enkle og greidlege installasjonar me snakkar om. Og kommunen må ha klart for seg at denne investeringa i neste omgang sparar dei for store kostnader med utviding av gravfelt.

Eg er optimist – dette skal me få til, seier den høgst oppegåande pensjonisten frå Øystese, før han igjen klatrar opp på stillaset og byggjer vidare på sagbruket til svigersonen.



Foto: Hordaland Folkeblad



Ungdomskoret på turne

Det slår aldri feil: når det dreg seg mot påske, rustar Norheimsund og Øystese Ungdomskor seg til turne. Det har dei gjort i 55 år – det byrjar å bli ei stund sidan dei på ein av dei første sommarturneane forbarma seg over ein einsam bonde som stod og hesja i vegkanten oppe i Sogn. På no time hadde 40 glade ungdommar frå Kvam fylt i alle hesjane hans!

Tidspunktet for turneane har skifta gjennom tidene. Pinsen, vinterferie, som-

marturne - ingenting har vore uprøvd. Dei siste åra har det vore påsken som har vore tidspunktet for turneen. Men bodskapen og ramma kring turen er forbausande likt frå 1968 og fram til i dag: ein buss, unge menneske med ein bodskap som dei ynskjer å fortelja i ord og tonar. Den musikalske innpakkinga og lydbiletet har endra seg vesentleg – men kjernen er den same.

Årets turne går til Sørlandet, der ko-

ret skal syngja i Lyngdal, Vennesla, Mandal, Evje, Finsland og i Kristiansand. Koret samlan alltid inn pengar til eit godt føremål på desse turane, og åresturne er ikkje noko unntak. I år er det KRIK sitt prosjekt «Idrett krysser grenser» som får nytta godt av innsama midlar under konsertane.

Lat oss hugsa våre ungdommar i bøn i påskedagane – og velkomen til påskekonsert i Øystese bedehus 30. mars!



Påskekonsert

med Norheimsund og Øystese ungdomskor

«Ei vandring frå palmesundag til påskemorgon»

Øystese bedehus torsdag 30. mars kl 19.00

Kollekt til prosjektet "Idrett krysser grenser"





Den skal tidleg krøkjast, som god prest skal bli

Dei var gode tilhøyrarar, sauene på Skårø, når Johannes tala til dei. Om dei la orda hans på minnet, skal vera usagt, men han fekk øva seg, i det minste. Seinare skulle han få ord på seg for å vera fremste talaren i Noreg. Men vegen dit var lang og kronglete for ein småbondeson. Det vart mykje strev og nattarbeid, før Johannes kom så langt. Men Johannes Nilsson Skår hadde fått eit kall, og kallet måtte følgjast.

Far til Johannes, Nils Geirmundson Skår vart gift med Elseberg Torgeirsdatter Flatabø. Både Flatabø og Skår finn me langt inne i Fykkesund, men dei som vil fara mellom gardane, måtte anten i båt, eller ein lang veg gjennom fjellområde som både var uvegsamt og utrygt på andre måtar. Det var ikkje heilt fritt for bjørn, mellom anna. Friarvegen til Nils var ikkje den enklaste.

Somme vil ha det til at det var frå Flatabø hangen etter å lesa kom til Skårø. Botnen var den første grenda som fekk eige bibliotek. Her vart det også skipa samtalekveldar der ymse tema vart tatt

opp. Ikkje det, Nils var ein opplyst mann, kan me lesa i bygdeboka.

Om Johannes (1828 – 1904) er det fortalt at han hadde prestekall alt før han var ti - elleve år gammal. Det var då han samla sauene rundt seg og heldt gudstjeneste for dei, etter det som vert fortalt. Då kunne han sitera lange delar av det presten hadde sagt i talane sine. Seinare samla han søskena sine og preika for dei. Men faren syns han måtte få sonen til å forstå at presteutdanning ikkje var å tenkja på for ein bondeson frå ein einbølt gard der dei streva og sleit for å livberga seg. Likevel greidde han ikkje å ta draumen frå Johannes.

Og ein veg måtte han velja seg. Han var den fjerde eldste av gutane som fekk leva, og hadde ei søster som og var eldre enn han. Eldstebroer Geirmund var sjølvskreven til garden. Torgeir hamna på Klyve, og Nils kjøpte garden Botnen, og busette seg der. Ikkje berre hadde Johannes eit kall. Det var ikkje plass til han heller. Han måtte ut.

Så vart det lærarskule, eller seminar, som det heitte dengong. To år på Stord. Så vart han skrivar for fogd Ole Vidste-



Biskop i Tromsø, Johannes Nilsson Skaar

en på Tysnes. Her gjorde han det så godt at han nærast fekk tilbod om dottera og heile ombodet. I alle fall hadde ikkje fogden hatt noko imot det. I tillegg fekk han undervisning av son til fogden, Christian, når han var heime på ferie frå studiane i Bergen. Det var mykje språk det gjekk på.

Men kallet skein. Han kom inn på Heltberg studentfabrikk, og deretter inn på prestestudiet. For å betala kost og losji, underviste han på ein jenteskule i tillegg til studiane. Men siste året heldt det på å gå gale. Det var ikkje bruk for han på skulen lenger. Han svalt. Men så fekk presten i Hurdal, Bruun, høyra at det gjekk ein stakars fattig teologistudent og svalt inne i Christiania. Og presten kjende slekta til Johannes, og Johannes også. Han hadde jo vore prest i Vikøy tidlegare. Flyttinga til Hurdal var nok ein del på grunn av kampene han hadde hatt i samband med bygging av kyrkja i Vikøy.

Og slik vart Johannes ferdig utdanna prest. Han vart prest i Aurdal og Skien før han kom til Gjerpen. Her hadde han forresten nært samarbeid med son til Hans Nielsen Hauge, Andreas, som var prest i Skien. Og det var medan han var her han kom på tale som biskop i Kristiansand, ikkje berre ein gong, men to gongar. Men

Framhald neste side

337

T.J.N. Skaar 1865
M Ludvig M. Lindeman 1871



2 Takk for kjærlighetens under:
legedom ved dine vunder!
Takk for seiren som du vant,
takk for freden som vi fant!

3 Overvinn oss med din nåde,
la din kjærlighet få råde,
lede oss på livets vei,
Herre Jesus, etter deg!

4 La ditt ansikt oss ledsage,
lyse for oss alle dager,
at vi òg med korset på
kan din kjærlighet forstå!

5 Når i siste stund vi blekner,
når vi hen i døden segner,
Herre Jesus, trøst og gled
hjertet med din kjærlighet!

for ein bondeprest, var det ikkje mogeleg å nå opp i kamp mot folk med namn og god slektstavle. Som eit plaster på såret, vart han utnemnt til biskop i Tromsø.

No var det ikkje berre det at Johannes Skår var av bondeætt som gjorde utslaget då han ikkje fekk Kristiansand bispestol. Johannes var skarp i meiningar og tale, og hadde skaffa seg ein del motstandarar. «Han er kvass, ubehersket, selvrådig, mangler enhver form for smidig elskverdighet og savner den sosiale dannelse en biskop bør ha,» var det somme som kunne fortelja. Ja, ein Sokneprest Abel fortel følgjande: «All dyktighet og mangesidig begavelse ufortalt, kan det ikke nektes at sokneprest Skaar neppe besitter den åndens bøyelighet, den moderasjon og respekt for andres avvikende meninger, der efter vår anskuelse bør fordres av en bi-

skop. Bestemthet og kraft bør fordres av en biskop, men vi tror at hr. Skaars egen-skaper går i den retning ut over den rette grense.»

Så fekk han då Tromsø, og eg trur eg vågar å påstå at det korkje før eller seinare har vore ein biskop som har vitja alle prestegjelda på berre to år i det bispedømmet, og andre året var det berre nokre få som stod igjen.

Men ein gong møtte han eit par ungdommar som kom med eit hjartesukk. Dei ville så gjerne høyra evangeliet «på hjertespråket». Det var samisk dei kunne, og det var det samiske språket som nådde inn til dei. Norsk var berre ein erstatning dei forstod og kunne uttrykka seg på.

Møtet med dei to ungdommane var ein av grunnane til at Johannes Skår tok initiativet, og var drivkrafta, då det som

i dag heiter «Norges Samemisjon» vart stifta.

Sjølve stiftinga vart gjort i 1888, etter at han vart biskop i Trondheim.

Johannes Skår arbeidde og med salmebokrevidering, og merka seg ut på det området òg. I tillegg har han skriva fleire salmar. I 1865 vart han medlem av ein kommisjon til «bedømmelse av Landstads utkast til salmebok».

Han lærte seg samisk og skreiv hyrbrev til kyrkjelydane på samisk. Det i siste fase av fornorskingsprosessen. Han gjekk også mot straumen i det at han som prest stod på god fot med lestadianarane.

Johannes Nilsson Skår har sett spor etter seg i saga. Me kan markera at det er 205 år sidan han vart fødd i eit av husa høgt over fjorden innst i Fykkesundet.

Kven skal styra kyrkja der eg bur? EG i soknerådet, liksom?

Den 11. september er det val til nye sokneråd i alle sokna i Kvam, til liks med resten av landet. I tillegg skal det veljast kven som skal inn i bispedømerådet, og dermed også sitja i Kyrkjemøtet, som også vert kalla kyrkja sitt Storting. No i februar og mars arbeider nominasjonskomiteane med å setja opp lister over kandidatar til å sitja i sokenråda. Dette er eit tillitsverv, og kyrkja har bruk for menneske med ulike alder og erfaring. Difor: svar frimodig JA om du vert spurt! Valperioden er 4 år, til liks med kommunale verv. Soknerådet skal bidra til at kyrkja vert ein stad der alle kan kjenna seg heime. Det betyr å leggja til rette for at menneske kan møtast til kyrkjebyggande aktivitet i alle former. Soknerådet lagar planar som vert gjennomførte av tilsette og frivillige i samarbeid.

Kvifor seia JA til soknerådet?

1. Du vil få bruka dine talent
2. Du vil få nye relasjonar i nærmiljøet.
3. Du vil arbeida saman med andre - for andre.
4. Du vil vera med på å formidla kristen tru.
5. Du vil dela og diskutera dine standpunkt med andre.
6. Du vil sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge.
7. Du vil leggja til rette for at kyrkja blir ein viktig kulturarena.
8. Du vil bidra til at kyrkja er open for alle.
9. Du vil gjera lokalmiljøet ditt betre.
10. Du vil bli betre kjent med deg sjølv.



Musikalsk føremiddagstreff

tysdag 2. mai
i Øystese kyrkje kl 11.00-12.45

”Og ljøs over landet strøynde...”
Kyrkjeliv i farne tider
Kåseri ved Olav Skeie Lid

Arr: Øystese sokneråd



Muntert frå redaktøren

Redaktøren går prost emeritus Arne O. Øystese i næringa som vitsemakar

Olav Skeie Lid

Redaktør



Soknepresten var på vitjing hjå gamle Olga og sat i stova og snakka med den gamle. Samtalen gjekk noko trått, og presten kjende trong for å løysa på stemninga. Kanskje du vil eg skal syngja ein salme til deg? spurde presten. Ja, gjer det du, sa gamle Olga, - så går eg ut og set på ein kaffitår medan du syng.

Ein fjellvandrar kom frå Valdres til Øystese

Vi møter Elisabeth Fremgaard i heimen hennar – like ved Havnen i Øystese – med framifrå vakker utsyn mot Hardangerfjorden og Folgefonna.

Tekst og bilete: Arne O. Øystese

- Korleis vart det til at ei jente frå Valdres hamna i Øystese?

- Tidleg på 1980-talet hadde eg arbeid som sjukepleiar ved lækjarkontoret i Aurdal, Valdres. Ein dag kom det ein kvemming innom kontoret. Han var lærar, på tur i Valdres, og heitte Magnar Johan Fiksen. Det hende noko der og då i vårt møte med kvarandre på lækjarkontoret! Han kvar på tur i området, og oppteken med fotografering i Valdres. Magnar, som på den tid var lærar i Strandebarm, kom innom kontoret vårt igjen. Deretter gjekk det snøgt: vi heldt kontakt via telefon og brevskrivning -. Kjennskap og venskap resulterte i ekteskap; me vart vigde i Reinli stavkyrkje i 1982, og slo oss sidan ned i Øystese.

- Korleis var barnreåra og oppvekst i Valdres?

- Eg vaks opp i Reinli; ei mindre bygd i Bagn. Vi var 8 søsken – 7 jenter og 1 gut. Far dreiv ein snikkarverkstad, og mor var heimeverande; fullt oppteken med oss borna. Vi fekk ein streng, men trygg og god oppdragelse i vår kristne heim.

- Kan du seie meir om det?

Familien min tilhørde det kristne trusamfunnet «Smiths Venner», som vart grunnlagt av Johan Smith i 1898. Deira læra byggjer på Bibelen, og Jesus som Frelsar. Men dei hadde lenge ei streng fortolkning av korleis ein skulle leve. I Bagn hadde dei sitt eige forsamlingshus, med eigen forstandar, eldste og frivillige som var med i arbeidet. Det var svært liten kontakt med kyrkja lokalt. Men på skulen var det eit godt felleskap mellom oss elevane som tilhørde både den norske kyrkja og Smiths Venner.

- Var det nokon ytre skilnad mellom borna som tilhørde Smiths Venner, og dei som sokna til Den norske kyrkja?

- Ja, eg har nokre døme på det. Det er her dei strenge reglane om livet i kvardagen kjem til uttrykk. Mi beste venninde spurde om eg kunne vera med i Yngres; eit kristent arbeid som vart drive



lokalt. Eg var vel då kring 14-15 år. Men då fekk eg eit klart «nei» heime. Om vinteren gjekk vi på ski. Men vi som sokna til Smiths Venner fekk ikkje ha på oss skibuske, men måtte kle oss i skjørt. Så var det ein gong eg lånte ei bok heim frå boksamlinga på skulen. Eg minnest ikkje kva boka handla om. Men den tok far frå meg utan at eg visste om det. Ingen av oss tala om dette. Eg leita overalt for å finna boka; ho måtte jo omsider leverast attende. Så ein dag då far var vekke, gjekk eg inn på snikkarverkstaden: der, på loftet, fann eg boka i ein krok; tok ho med

meg, og leverte ho attende på skulen! – Alt dette er heilt uforståeleg for oss i dag. Med tida vart mykje av desse ytre reglane mjuka opp. Born av Smiths venner kan til dømes i dag gå med skibuske. Lat meg også nemna at heile familien min, tanter og onklar, sjølv sagt kom i kyrkja då Magnar og eg vart vigde, og han vart varmt inkludert i huslyden vår.

- Overgangen frå Valdres til Øystese var vel stor?

- Eg vart teken godt imot av Magnar sin familie, og andre i Øystese og Norheim-

sund som eg etter kvart vart kjend med. Eg fekk arbeid ved gamleheimen i Øystese, på Mikkjelsflaten og sidan ved legekantoret i Norheimsund. Arbeid har eg også hatt andre stader. – Så koma borna våre til: Lars Oddvar, Øyvind, Håvard og Torill.

- Mange her i Kvam vil vel først og fremst kjenne deg som eit sers aktivt friluftsmenneske?

- Ja, turar i fjell og skog har eg alltid prioritert. Eg har vore på dei aller fleste fjella her i Hardanger – på bae sider av fjorden. Det følgjer stor trivsel å gå i Guds natur, og så held ein seg i god form!

- Men ryktene fortel at du også er ein habil maratonløpar?

- Vel, eg har gjennom åra delteke på i alt 12 maratonløp. Lengda på ein maraton er 42195 meter. Har sprunge både i New York, i Hønefoss, Bergen, Holmenkollen, og Valdresflye-Drammen - Oslo. Å gå til Breidablikk er heilt spesielt; dit har eg gått fleire gonger. Fotografering har eg kombinert med turgåinga.

- Så hender det noko tragisk nyårsafta i 2006?

- Magnar var lærar i Kvam i alle år etter at vi vart gifte. Me gjekk ofte på turar saman, og han nytta høve til å ta bilete. Ein dyktig fotograf var han, og fekk mange oppdrag både her i Kvam og elles. – Nyårsafta feira vi i heimen vår. Brått seig han saman i stolen. Fleire ambulansar kom til; legehelikopter også. Men han vart diverre erklært død. Dette kom som eit sjokk på oss alle i familien.

- Livet vart jo då totalt endra for deg og borna?

- Utan tvil. Endringar i livet kan me ofte

planlegge sjølve. Den endringa som døden skaper, kjem ofte heilt uventa. Borna hadde jo vakse til; det var berre Torill som då budde heime. Vi hadde eit svært godt samhold i familien, og støtta kvarandre. Dessutan hadde eg mange gode vener, som tok kontakt og var til stor hjelp.

- Korleis vart tida for deg etter dette?

- Det blir sagt at når eit brått og uventa dødsfall skjer, er det viktig at ein i tida etter gravferda etter kvart tek opp att det arbeidet og dei hobbier ein har. Livet må jo gå vidare. Det er mykje sanning i det. Men å misse sin kjæraste og ektefelle kan ingen setje seg inn i som ikkje sjølv har røynt det. Ein vert jo på mange måtar 1/2 menneske – som kone og mann utgjorde vi ein heilskap, som det står i vigelsritualet: «...så er dei ikkje lenger to, dei er eitt...». Borna og deira kjære har i alle desse åra vore til stor støtte og hjelp. Det bærande i livet mitt, har vore trua på Jesus

som Frelsar og Herre. Den delte Magnar og eg. Det vart ei stor trøyst for meg. For den kristne vona - Guds fullkomne rike - seier også noko om at vi skal få møte våre kjære att. Svært godt vart det også å vere del i fellesskapen i kyrkja og på bedehuset her i Øystese. Samvere med kyrkjelyden, og gjennom det få næring for trua gjennom forkynning, har vor ei stor og god ballast i livet.

- Du har ikkje mykje kvammadialekt etter snart 40 år i Øystese?

- Du, når eg kjem heim til Valdres, får eg stadig høyre at Valdresmålet mitt skurrar ein del! Den som lyttar, vil nok høyre at eg har ein god del «kvamsk» når eg snakkar med folk. Dette er nok noko mange andre som har flytta frå ein annan stad i landet til Kvam, kan skrive under på! Eg vil slutte her ved å sei at håpet mitt er å møte Magnar igjen og få vere saman i all evighet, seier Elisabeth med sitt gode smil.

KYRKJEKLUBB

i Norheimsund kyrkje
for menneske med nedsett
funksjonsevne

om lag siste torsdag i månaden
kl 17.30-19.00

Torsdag 30.03 kl 17.30
Torsdag 27.04 kl 17.30
Torsdag 25.05 kl 17.30
Torsdag 22.06 kl 17.30

Velkomen til bibelforteljing, song,
fellesskap og kveldsmat

Ein av prestane er alltid med

Arr: Den norske kyrkja i Kvam

NOREA
MEDIEMISJON

Håpskonsert - i påsketid

m/Norea Music & Ingrid Grøvan

Medvirkende:

Solist: Ingrid Grøvan
Piano: Arnt Thyve
Bass: Roald Arnesen
Info: Brit-Kari Urdal
Lokalt innslag v/ Nancy K. E. Sangolt



Nordheimsund Bedehus Onsdag 22. mars 2023 kl 19:30

Vi synger oss inn mot påskehøytiden gjennom flere av de kjente, kjære påskesalmene. En Håpskonsert med Norea Mediemisjon gir deg en variert blanding av sang, musikk og misjonshistorier. Det blir også nytt fra animasjonsprosjektet "Arven etter Adam" Gratis entré; Kollekt til Noreas mediemisjonsarbeid





Med all min kraft og all min kjærlighet



Mangel på kjærlighet gjorde at Anjali stolte på feil folk da hun som 11-åring ble solgt til et bordell i India. Likevel har hun ikke mistet troen på den. -Jeg kommer til å bruke et helt liv til å lege meg selv etter en ødelagt oppvekst, men jeg er villig til å gjøre det med all min kraft og all min kjærlighet. I dag jobber hun som rektor på skolen hun selv startet.

Reddet fra et helvete på jord

Året er 2008 og en spinkel 13 år gammel jente blir reddet fra et bordell i India. I to år har livet hennes handlet om å tilfredsstille sine overgriperes ønske. Hun var fritt vilt og de kunne gjøre som de ville med henne. Hun ble reddet av den brasilianske organisasjonen «Apple of God's Eye». De måtte gå igjennom en del juridiske prosesser for å få henne tilbake til hjemlandet Nepal. Anjali har på dette tidspunktet et ønske: hun skal tilbake til landsbyen hun kom fra. Tilbake for å redde andre unge jenter som står i faresonen for å bli fanget på samme måte som hun ble.

Livsfarlig skolevei

Skoleveien til Anjali er fortsatt å regne som en av verdens farligste for jenter. Ikke på grunn av trafikk, jordskred eller steinras. Heller ikke på grunn av ville dyr i skogen. Skoleveien er dødsfarlig fordi menneskesmuglere er å finne langs veien. De har utarbeidet en vellykket strategi for å lokke unge, sårbare jenter med seg. En av dem klarte å lokke Anjali da hun som 11-åring gikk til skolen.

-Fra jeg var 7 til jeg var 13 levde jeg et liv helt uten kjærlighet. Aldri en klem, aldri god mat, ingen god skolegang og hel-

ler ikke beskyttelse mot de som ville meg vondt. Da menneskesmuglerne lurte meg, var jeg allerede et barn som var livredd for de bøllete guttene i nabobygda. De kom jevnlig og plaget både meg og flere jenter i landsbyen jeg bodde i. Ingen stoppet dem. Vi var fritt vilt.

Mangelen på kjærlighet gjorde at hun stolte på ulvene i fåreklær. De farligste av de farlige. De som er villige til å selge små jenter til et liv i fangenskap og sexslaveri.

-Jeg flyktet fra et liv i frykt, men havnet et sted som var verre, sier hun.

Husrom og hjerterom

Det var mye kjærlighet i hjemmet som tok i mot henne da hun kom tilbake til Nepal. Organisasjonen som reddet henne driver flere slike hjem, og der er det plass til både gutter og jenter. Her fikk hun alt hun hadde manglet i oppveksten. En myk seng å sove i. Deilig, velsmakende mat. Skolegang. Vennskap. Trygghet. Noen som var glad i henne. Kjærlighet. Bøttesten av kjærlighet. Godheten gjorde henne nysgjerrig. Hvor kom den fra?

-Jeg forsto at organisasjonen som reddet meg var kristen og at dette også gjaldt flere av de ansatte. Da bestemte jeg meg for selv å tro. Den kjærligheten som preget dem, ville jeg også skulle prege meg.

Da ble jeg også enda mer kallet til å hjelpe jenter i samme landsby som jeg kom fra. Drømmen ble holdt levende i flere år.

En brikke i det store puslespillet

Når jeg spør Anjali om det var en spesiell person eller organisasjon som hjalp henne tilbake til livet, sier hun det er flere. Det er flere brikker i samme puslespill. En av brikkene er Apple of Gods Eye og folkene som jobbet der. De reddet livet hennes på bordellet i India og ga henne kjærligheten hun lengtet etter.

Sara Symons utgjør også en brikke. Hun er grunnleggeren av organisasjonen Her Future Coalition, og bidro til hennes reise videre ved å styrke hennes selvfølelse. Det gjorde hun blant annet ved å hjelpe Anjali til å sette ord på sin livshistorie, som etter hvert ente med bokutgivelse i 2021 (Standing in the Way: From Trafficking Victim to Human Rights Activist).

En tredje brikke er den HimalPartner-støttede organisasjonen ECEC (Early Childhood Education Center). Ikke bare ga året på ECEC henne troen på at hun skulle få en utdanning, hun fikk også lysten til å bli mor.

-Før året på ECEC tenkte jeg at det å bli mor ikke lå til mine fremtidsdrømmer, men dette endret seg. Jeg forelsket meg rett og slett i tanken på egne barn.

Veien videre etter ECEC ble både en bachelorgrad i pedagogikk og en baby i magen! Lykken var komplett. Livet føltes fullkomment.

Drømmen om skolen går i oppfyllelse

Så, i 2021, åpner Anjali skolen hun har drømt om helt siden hun ble reddet fra bordellet i 2008. Hasta Memorial school. Skolen er bygget i et område der jenter tidligere måtte gå langt på verdens farligste skolevei. Skoleveien Anjali selv gikk da hun havnet i klørne på kyniske menneskesmuglere. Jentene trenger ikke lenger å gå denne veien, for skolen ligger i samme nærområde de bor i.

På Hasta Memorial er det plass til 100 barn. Anjali har også startet et fond som gir stipend til jenter som vil fullføre videregående skole. I skrivende stund er det 35 unge jenter som får hjelp.

GUDSTENESTER I SOKNA

5. mars

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

Øystese kyrkje kl. 19.00
Vikarprest Roar Strømme

12. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
Etterfylgd av årsmøte

19. mars

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
Etterfylgd av årsmøte

Strandebarm kyrkje kl. 19.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Etterfylgd av årsmøte

26. mars

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Heims musikklag deltek
Etterfylgd av årsmøte

2. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese

6. april

Norheimsund kyrkje kl. 19.00
Vikarprest Arne O. Øystese Nattverds-
gudsteneste

7. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese Pasjonsgud-
steneste

8. april

Norheimsund kyrkje kl. 23.00
Vikarprest Roar Strømme
Påskennatt-gudsteneste

9. april

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
Festgudsteneste

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Festgudsteneste

10. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Påskegudsteneste

Ålvik kyrkje kl. 17.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Påskegudsteneste

16. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

23. april

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Familiegudsteneste med
Barnekoret Shine

27. april

Strandebarm kyrkje kl. 18.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Samtalegudsteneste med konfirmantane

Øystese kyrkje kl. 18.00
Vikarprest Arne O. Øystese
Samtalegudsteneste med konfirmantane

29. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese
Konfirmasjonsgudsteneste

30. april

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese
Konfirmasjonsgudsteneste

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Konfirmasjonsgudsteneste

1. mai

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
«Kor i alle dagar» deltek

3. mai

Norheimsund kyrkje kl. 18.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Samtalegudsteneste med konfirmantane

Ålvik kyrkje kl. 18.00
Vikarprest Roar Strømme
Samtalegudsteneste med konfirmantane

6. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Konfirmasjonsgudsteneste

7. mai

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Konfirmasjonsgudsteneste

Ålvik kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
Konfirmasjonsgudsteneste

14. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
Preses Olav Fykse Tveit medverkar

17. mai

Strandebarm kyrkje kl. 10.30
Vikarprest Roar Strømme

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese
Øystese barnekor deltek

Ålvik kyrkje kl. 12.30
Vikarprest Arne O. Øystese

18. mai

Vikøy kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme
Utegudsteneste om været tillet

21. mai

Strandebarm kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Roar Strømme

Norheimsund kyrkje kl. 19.00
Vikarprest Arne O. Øystese

28. mai

Øystese kyrkje kl. 11.00
Vikarprest Arne O. Øystese
Høgtidsgudsteneste med
Frelsesarmeen sitt hornorkester

29. mai

Strandebarm sokn kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide
Pilgrimsvandring til Holseter

4. juni

Norheimsund kyrkje kl. 11.00
Sokneprest Vetle Karlsen Eide

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (f. 1950) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese

Prost emeritus



Kyrkja i Kvam tok nyleg avskil med ein av prestane sine. Lenger sør i landet vårt, var det også ein sokneprest som slutta i embedet etter mange års teneste. Han tok farvel med kyrkjelyden, og var ein dag innom gamleheimen. Då den aldrande Ane fekk vitjing av presten på rommet sitt, sette ho i å gråta. «Nei, du kor trist og vemodig at du no skal slutta!» Presten freista trøysta den gamle dama, men ho gret berre enno meir. Til sist seier presten: «Du Ane, eg trur nok at de sikkert får ein triveleg prest igjen etter meg!» Då ser Ane på presten og seier: «Å nei! Det har berre vorte verre for kvar gong!»



Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtaler ta kontakt med Rusk og Rusk
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HARDANGER
BYGGSENTER**

www.hardangerbyggcenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50



Byggmeister

PER AUGUSTAD A/S

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no

MESTERHUS

www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE

KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!



SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555

God påske!

Me er godt inne i 2023, og nærmar oss påske, ei av dei store høgtidene i kyrkja. Påske er og eit teikn på vår og kyrkjegardane våre fyllast opp med påskeliljer og andre blommar. Eg må i år som i fjor minne om nokre ting på kyrkjegardane. Me prøvar jobbar med å halde kyrkjegardane i orden, men det er ikkje alltid at årstid og ver jobbar med oss, i tillegg må me prioritera og spare. Pengesekken er ikkje riktig så stor som me ynskjer oss, og det gjere at me må velje kva me brukar pengar på. Me ynskjer ryddige og velhaldne kyrkjegardar, og treng litt hjelp av deg. Om du ryddar etter deg, så treng ikkje me å bruke tid å pengar på det, og tek du med deg søppel som naboen har lagt igjen, blir me glade for det og.

I år som i fjor vil ikkje kyrkjegardane sjå så strigla ut som me ynskjer oss, verken til påske eller 17.mai, og har du lyst til å vere med å bidra til fine kyrkjegardar, planlegg me dugnad i år og, og du er hjar-teleg velkommen til å vere med!

Kyrkja har hatt tradisjon for frivillig arbeid og gaver frå folk kyrkjelyden, me treng framleis engasjerte folk og støtte til å drive arbeidet vårt vidare. Me håpar at det å engasjere seg i frivillig arbeid og kan gjere ei glede og stoltheit for deg som bidreg, og kan bidra til eit sosialt fellesskap.

Kyrkjevevja har som mål å minska bruken av papir i 2023, så om du har fått ei rekning frå oss, kan det hende at den kom på e-post. Me ynskjer å ha fokus på berekraft, og på kontoret mitt heng FN's berekraftsmål, som ei påminning. Me må ta vare på jordkloden vår, og me i kyrkja må og ha eit fokus på det som skjer her på jorda.

No i mars har me byrja hos eit nytt rekneskapsbyrå, Aider, og om du skal sende ei rekning til oss, må du anten sende den på EHF – med organisasjonsnummeret vårt 976995082 eller som pdf til e-post mb.34280@xledger.net

Du som har ei grav å stelle, hugs å sjå om gravsteinen står som den skal, og om

Sigríð Karoline Eriksen-Tufteland



Kyrkjevevja

du har kant rundt blomabedet, må den ligge jamt med graset, sånn at den ikkje øydelegg grasklipparen, når me skal i gang med klipping av graset.

Treng du hjelp til å rette opp ein gravstein eller til gravstell, kan du bestille jobben hjå oss, på e-post post.kvam@kyrkja.no eller på telefon 41 40 00 35.

For meg, i min ungdom, var påske det same som å vere på leir, på vår lokale leirstad, Sjøglimt. Påskeleir saman med mange andre ungdommar var dagar med mykje moro og opplevingar, men og moglegheit for å lære meir om påska sin bodskap. Eit av høgdepunkta på påskeleir var 1.påskedag, det siste møtet før me skulle heim, og alle dei gode påskesalmene, sunge for full hals av trøytte, slitne og glade ungdommar.

Eg ynskjer deg ei riktig god påskefeiring, og håpar du tek deg ein tur i kyrkja, og får del i påskebodskapen og fellesskapet!

Påskehelsing frå kyrkjevevja Sigríð

FRÅ KYRKJEBØKENE

DØYPTE

Ålvik sokn

Astrid Hamre-Rasmussen

Øystese sokn

Isak Valland Aarhus
Theodor Eikelid
Georg Storeide Øyri
Ariella Rykkje Shehu
Lauritz Skeie Aga
Sondre Haugehåttveit
Maren Kvittingen
Jan Tjosaa De Boer
Sverre Turøy Tveiten

Vikøy sokn

Joar Holt Skeie
Solveig Mo-Brurok
Vilde Gjøen Steine
Thea Marie Haveland
Synne Skeie Berge
Jonar Bjotveit Eknes
Amalie Marøy
Elliot Eide
Enea Kvitastein

Sigríð Hammer Kaldestad

Ariel Van der Linden

Elara Høvik Mo

Mina Neteland

Strandebarm sokn

Johan Lie Skare
Styrk Tombre Svåsand
Isak Eknes
Eira Sørli Mundheim

VIGDE

Vikøy sokn

Cathrine Høvik Mo og
Hallvard Vangdal Mo

AVLIDNE

Ålvik sokn

Leif Hjøllo (f. 1943)
Bjørn-Øystein Øvrevik-Melia (f. 1982)
Anna Skjeggedal Aksnes (f. 1958)

Øystese sokn

Torgeir Magnar Børve (f. 1947)
Ingebjørg Mæland (f. 1930)

Magnhild Vikane (f. 1921)

Solveig Margrethe Kvalvik Bøe (f. 1957)

Gunnbjørg Holdhus (f. 1950)

Tore Mo (f. 1938)

Jon Hovland (f. 1952)

Vikøy sokn

Borghild Johanne Selsås Fosso (f. 1928)
Einar Lie (f. 1930)
Ruth Kaldestad (f. 1935)
Olav Dyrkorn (f. 1943)
Torfinn Steine (f. 1945)
Reidar Mo (f. 1936)
Lars K. Sandven (f. 1930)
Eilif Hermansen (f. 1929)
Rita Aarhus (f. 1937)

Strandebarm sokn

Torbjørn O. Fosse (f. 1931)
Olav Hjartnes (f. 1943)
Hans Peder Nernes (f. 1935)
Jon Øye (f. 1938)
Arvid Kåre Tveit (f. 1952)
Johannes Byrkjenes (f. 1942)

BE REAL - Konfirmantleir på Framnes

Ja, for det var mottoet for leiren: BE REAL. Ver deg sjølv, ver ærleg. Og 450 unge konfirmantar frå mange, mange kyrkjelydar i Vestland har sunge, dansa, lytta, smil og sove seg gjennom denne gigantsamlinga på Framnes dei siste dagane i februar. Det er KRIK, Kristen Idrettskontakt, som arrangerer leiren, og som tilbyr denne pakken til takknemlege kyrkjelydar i Vestland. Og skal ein tru rapportane, så har det vore overmåte vellukka! Seminar, møter, konsertar, friluftsliv, aktivitetar - alt har vorte sydd saman av ein gjeng på ikkje mindre enn 200 leiarar. Til saman har altså 650 unge vore på Framnes denne helga - det er mange menneske? Kjendisfaktoren har også vore høg, slik den må vera i denne målgruppa: Farmen-kjendis og prest Thor Haavik har vore den som har hatt mykje av formidlinga og forkynninga, saman med songarar og musikarar frå KRIK. Det er nye tider - å gå for presten er ikkje som det eingong var. Men den evige budskapen er den same.

